

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 25.01.2005 **Tid:** 15.00-17-10.

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ass.adm.sjef Våge

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28. januar 2005

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent

**UTVALET SITT KVARTER:**

Magda Haugen stilte spørsmål om det var mogleg å få til ein brukarundersøking på helsetenesta. Ass.adm.sjef orienterte om at KS har utarbeidd undersøkingar for dei fleste tenestekområda. Sosialeininga skal gjennomføre sin undersøking i sommar. Administrasjonen undersøker om det er mogleg å få gjennomført tilsvarande for helsetenesta.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

1. **Informasjon og presentasjon om IPLOS.** Ole Jacob Sørensen og Reidun Nydal orienterte om innføring av informasjonssystemet. Sosial og helsedep. har pålagt å innføre IPLOS i alle landet sine kommunar. Det skal vere eit obligatorisk verktøy for dokumentasjon, rapportering og statistikk. Alle som mottek eller søker om helse eller sosialtenester i Samnanger skal registrerast i dette sakhandsamingssystemet. Kommunen skal på bakgrunn av dette få eit godt grunnlag for sine vedtak og framtidig planlegging av tenestene.
2. **Informasjon om utkast til ny barnehagelov.** Anne Fredriksen orienterte om forslaget til ny barnehagelov. Kommunen hadde ikkje sendt inn høyringsuttale pga altfor kort høyringsfrist. Lova vil verte vedteken i løpet av våren, og ut frå høyringsuttalene kan det sjå ut til at det ikkje vil verte vesentlege endringar.
3. Arbeidsgruppa for **100-års jubileet** vert kalla inn av kulturkonsulenten til møte. Leiar i tusenårsgruppa Margot Hisdal og sekr. Hilde-Lill Våge vert og kalla innfor å vurdere evt. arrangement.
4. Leiar oppvekst og omsorg, Liv Berit Khadoor orienterer kort frå konferanse: **”kultur for læring”**. Ass.adm.sjef orienterte utvalet om at det på neste møte vil verte presentasjon av Kunnskapsløftet og den nye læreplanen.
5. **Ættesogeforfattar Kvale** vart forhindra frå å koma. Han vil presentera arbeidet og status for dette i neste møte.
6. **Geir Markhus** vert med som **jurymedlem** på Ungdommens Kulturmønstring (UKM) på Gjerde skule den 5 februar.
7. Ass.adm orienterte om at **SLT-midlane** (Samordning av Lokale kriminalitetsforbyggende Tiltak) held fram. I samband med rusplanarbeidet vil kommunen vurdere om det er tiltak som kan gå under SLT-ordninga.
8. Konferansen **”Kulturskole for Alle”** vart vanskeleg å delta på fordi den kolliderar med kommunestyremøtet den 10.mars.

9. Utvalet fekk utdelt høyringsuttale frå arbeidsgruppe til **Fylkesplanen** for Hordaland 2005-08 i møtet. Utvalet slutta seg til uttalen.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
0001/05	02/00403	<b>-BRUKARUNDERSØKINGAR PLEIE- OG OMSORGSEINGA PRESENTASJON AV RESULTAT</b>

0001/05

**-BRUKARUNDERSØKINGAR PLEIE- OG OMSORGSEININGA  
PRESENTASJON AV RESULTAT**

**Framlegg til vedtak:**

Utvalet tar resultatata frå brukarundersøkingane til etterretning.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Utvalet tar resultatata frå brukarundersøkingane til etterretning.